# Meland kommune

Reigstad Bygg og Eigedom AS
Osterfjordvegen 124
5914 ISDALSTØ

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Larissa Dahl | 23.11.2018 |
| Vår: 14/3576 - 18/24707 | larissa.dahl@meland.kommune.no | |

## Godkjenning - endra storleik og plassering garasje GBNR 23/584, 1, 99

**Administrativt vedtak. Saknr: 314/2018**

**Tiltakshavar:** John Roald Fløysand
**Ansvarleg søkjar:** Reigstad Bygg og eigedom AS
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan - og bygningslova (pbl.) § 20 - 1

**Tiltak:**
Ansvarleg søkjar har på vegne av tiltakshavar søkt om løyve til endra storleik og plassering i samband med oppføring av garasje på gbnr. 23 / 584, 1, 99. Endringa gjeld tiltakets storleik og plassering. Bygd areal på garasje skal auke frå 150 m2 til 160,4 m2; garasjes bredde skal auke frå 10,0 m til 10,38 m og garasjes lengde skal auke frå 15,0 m til 15,45 m.

Garasjes nordaustleg hjørne skal flyttast med 1,3 m og garasje skal flytte nærare grense mot Gbnr 23/99, slik at avstand frå garasje til grense er på ca. 0,8 m nå. Det vart innhenta nabosamtykkje frå eigaren av gbnr 23/99.
Det vert vist til søknad om endring med vedlegg, journalført motteke 16.11.2018.

**VURDERING:**
**Nabovarsling:**
Omsøkt endring har ikkje vore nabovarsla i samsvar med pbl § 21 - 3 første ledd, men ettersom arbeidet ikkje, eller i lita grad, berører interessene til naboar, finn ikkje kommunen grunnlag for å krevje nabovarslingi dette tilfellet, jf. andre ledd. Det ligg føre samtykkje frå eigaren av gbnr 23/99 på nærare plassering av tiltaket.

**Ansvarsrettar:**
Ansvarsrettar og tiltaksklassifisering i saka går fram av erklæringar om ansvarsrett og gjennomføringsplan. Ansvarleg i byggjesaker står inne for at tiltaket vert utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av denne

lova, jf. pbl § 23-1.
Ansvarleg søkjar skal samordne dei ansvarleg prosjekterande, utførande og kontrollerande, og sjå til at alle oppgåver er belagt med ansvar, jf. pbl § 23-4 andre ledd.

**Vedtak**

*«Meland kommune godkjenner søknad om endring av løyve som omsøkt, jf. plan- og bygningslova § 20-1, jf. § 21-4. Storleik og plassering av bygg skal vere som vist på vedlagte situasjonskart og oppmålingsdata, journalført motteke 16.11.2018.»*

*****

Saka er handsama og avgjort administrativt og i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

**Ferdigstilling**
Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.
Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Larissa Dahl
Konsulent

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**
Søknad om endra plassering garasje GBNR 23/584, 1, 99
Følgeskriv
Kart- Revidert plassering garasje gbnr 59-584 1-500 A4 18092018
Elvavegen rev_20.08.18
Underteikna Samtykke til endra plassering Marianne gbn 23-99

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Jan Roald Fløysand | Elvavegen 3b | 5918 | FREKHAUG |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Reigstad Bygg og Eigedom AS | Osterfjordvegen 124 | 5914 | ISDALSTØ |